

**UNIVERSITETET I OSLO
DET HUMANISTISKE FAKULTET**

Heimeeksamen i / Hjemmeeksamen i

LING2112 Metaforteori

Våren 2009

Utlevering: Tysdag / tirsdag 2. juni 2009 kl. 13.00.

Innlevering: Fredag 5. juni 2009,
på ekspedisjonskontoret ILN, i opningstida / åpningstiden.

Oppgåvesettet er på 6 sider, medrekna forsida.

Oppgavesettet er på 6 sider, forsiden medregnet.

Oppgåvetekst

NYNORSK

Nedanfor finn du åtte oppgåver. **Svar på fire av dei, i lys av kognitiv metaforteori.**


1. Gjer greie for dei viktigaste skilnadene mellom **metafor** og **metonymi**. Gje døme.

2. I diktsamlinga *I Rumis skygge* (Aschehoug 1997) av Jan Erik Rekdal kan vi på s. 65 mellom anna lese linjene til høgre. Drøft to av dei metaforiske uttrykkja du finn.

*Ordet løper ikke fra meg
det er jeg som løper fra meg selv
sender ordene foran meg
pisker dem avgårde
for at de skal trekke mitt lass*

3. Slå opp ordet **hest** i *Nynorskordboka* eller *Bokmålsordboka* (dei elektroniske utgåvene på <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>). Det er eit polysemt ord, oppført med seks ulike tydingar. Analyser tilhøvet mellom desse tydingane på grunnlag av omgrepa **metafor** og **metonymi**. Grunngje analysen din.

4. Drøft ikkje-språkleg realisering av konseptuelle metaforar med utgangspunkt i teikninga til høgre av Finn Graff.



5. I boka *Metaphor and Emotion* diskuterer Zoltán Kövecses mellom anna metaforiske uttrykk for **sinne** i engelsk, kinesisk og japansk og postulerer både likskap og variasjon mellom dei konseptuelle metaforane for sinne i desse språka. Gjer greie for hovudlinjene i denne diskusjonen.

6. Termen **korrespondansar** (engelsk *mappings / correspondences*) spelar ei viktig rolle i beskrivinga av konseptuelle metaforar. Forklar kva det er, og illustrer det med to ulike konseptuelle metaforar i norsk eller engelsk som døme.
7. Drøft kva rolle **likskap** (engelsk *similarity*) spelar i konseptuelle metaforar.
8. Skiljet mellom **konseptuell metafor** og **metaforisk uttrykk** er heilt grunnleggjande i kognitiv metaforteori. Forklar kva skiljet går ut på og diskuter kvifor det er viktig.

Oppgavetekst

BOKMÅL

Nedenfor finner du åtte oppgaver. **Besvar fire av dem, i lys av kognitiv metaforteori.**

1. Gjør rede for de viktigste forskjellene mellom **metafor** og **metonymi**. Gi eksempler.

2. I diktsamlingen *I Rumis skygge* (Aschehoug 1997) av Jan Erik Rekdal kan vi på s. 65 blant annet lese linjene til høyre. Drøft to av de metaforiske uttrykkene du finner.

*Ordet løper ikke fra meg
det er jeg som løper fra meg selv
sender ordene foran meg
pisker dem avgårde
for at de skal trekke mitt lass*

3. Slå opp substantivet **hest** i Nynorskordboka eller Bokmålsordboka (de elektroniske utgavene på <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>). Det er et polysemt ord, oppført med seks ulike betydninger. Analyser forholdet mellom disse betydningene på grunnlag av begrepene **metafor** og **metonymi**. Begrunn analysen din.

4. Drøft ikke-språklig realisering av konseptuelle metaforer med utgangspunkt i tegningen til høyre av Finn Graff.



5. I boka *Metaphor and Emotion* diskuterer Zoltán Kövecses blant annet metaforiske uttrykk for **sinne** i engelsk, kinesisk og japansk og postulerer både likhet og variasjon mellom de konseptuelle metaforene for sinne i disse språkene. Gjør rede for hovedlinjene i denne diskusjonen.

6. Termen **korrespondanser** (engelsk *mappings / correspondences*) spiller en viktig rolle i beskrivelsen av konseptuelle metaforer. Forklar hva det er, og illustrer det med to forskjellige konseptuelle metaforer i norsk eller engelsk som eksempler.
7. Drøft hvilken rolle **likhet** (engelsk *similarity*) spiller i konseptuelle metaforer.
8. Skillet mellom **konseptuell metafor** og **metaforisk uttrykk** er helt grunnleggende i kognitiv metaforteori. Forklar hva skillet går ut på og diskuter hvorfor det er viktig.

REGLAR FOR DENNE HEIMEEKSAMENEN

1. Oppgåvesvaret skal vere ei papirutskrift i 3 eksemplar på minimum 8 og maksimum 12 sider. Font: Times eller Times New Roman 12 pt; linjeavstand: halvannan.
2. Utskriftene skal vere stifta saman og ikkje innehalde framandlekamar som strikk, limbånd, binders osb.
3. Svaret skal vere tydeleg merkt med kandidatnummer og emnekode. Nummeret får ein oppgjeve på ekspedisjonskontoret ved innleveringa.
4. Husk identifikasjon!
5. Svaret skal vere eit individuelt arbeid. Det er ikkje høve til gruppearbeid.
Svaret må vere levert innan fristen. Berre ved sjukdom eller andre spesielle tilhøve kan det gjevast utsetjing. Ved sjukdom kan det berre gjevast utsetjing etter søknad vedlagd lækjarfråsegn som relaterer helsetoda til studiesituasjonen, jf. eksamsreglementet.

Sjå òg <http://www.uio.no/studier/emner/hf/iln/LING2112/v09/eksamen.xml>

REGLER FOR DENNE HJEMMEEKSAMENEN

1. Besvarelsen skal være en papirutskrift i 3 eksemplarer på minimum 8 og maksimum 12 sider. Font: Times eller Times New Roman 12 pt; linjeavstand: halvannen.
2. Utskriftene skal være stiftet sammen og ikke inneholde fremmedlegemer som strikk, limbånd, binders osv.
3. Besvarelsen skal være tydelig merket med kandidatnummer og emnekode. Nummeret får man oppgitt på ekspedisjonskontoret ved innleveringen.
4. Husk identifikasjon!
5. Besvarelsen skal være et individuelt arbeid. Det er ikke anledning til gruppearbeid. Besvarelsen må være levert innen utløpet av fristen. Bare ved sykdom eller andre spesielle forhold kan det gis utsettelse. Ved sykdom kan utsettelse bare gis etter søknad vedlagt legeerklæring som relaterer helsetilstanden til studiesituasjonen, jf. eksamsreglementet.

Se også <http://www.uio.no/studier/emner/hf/iln/LING2112/v09/eksamen.xml>